



Geir Mehl  
Oferdalen 32  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/717 - 21/13105

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
25.02.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 188/611 Gjervik ytre

Tiltak: Garasje  
Byggjestad: Gbnr: 188/611  
Tiltakshavar: Geir Mehl  
Ansvarleg sækjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.01.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjeldande reguleringsplan, Felt E Såta, er supplert av KDP Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019 -2031 på områder der gjeldande reguleringsplan ikkje har egne føresegner om temaet. Det er krav om minste areal for uteopphald (MUA) og leik i byggeområde. Område er avsett til eine- og tomannsbuistader og det er i planen eit krav om MUA på 200 m<sup>2</sup> per hovedbueining for privat leik og opphald. For sekunderleilegheit er det eit krav om 50 m<sup>2</sup>. I matrikkelen er bustaden registrert som einebustad m/hybel/sokkelleilegheit. Det er såleis eit krav om MUA på 250 m<sup>2</sup>. Vi minner for ordens skyld om at gjeldande KDP har kvalitets- og funksjonskrav til leike- og uteopphaldsareal. I søknaden må du syne at du har tilstrekkeleg areal for MUA og at desse oppfyller kvalitetskrava i gjeldande KDP.
2. I gjeldande reguleringsplan kjem det i føresegnene fram at det må opparbeidast ein parkeringsplass på tomta i tillegg til garasje. I KDP er det satt eit krav om to parkeringsplassar pr. bueining. I og med at eldre reguleringsplanar gjeld med suppleringar / endringar av kommuneplanen sine føresegner, går føresegnene i KDP framfor gjeldande reguleringsplan.

I dette tilfellet er det krav om eigedommen har 4 parkeringsplassar. Det må komme fram av situasjonskartet kvar dei aktuelle parkeringsplassane er plassert og det må avklarast om etablering av parkeringsplassar er søknadspliktig.

3. Situasjonskartet må vera målast og syne avstandar til nabogrense, bustadhus m.m. Det kan med fordel nyttast situasjonskart frå Alver kommune.
4. Eigedommen er omfatta av faresone H310 som markerer område for potensielt utløyningsområde og utlaupsområde. Det er naudsynt med dokumentasjon frå fagkyndig som syner at tiltaket oppfyller krava i plan- og bygningslova § 28-1. Denne dokumentasjonen må fylgje søknad om tiltak jf. SAK10 § 5-4 tredje ledd bokstav g. Akseptkriteria kjem fram av TEK17 kapittel 7.
5. Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse. Kommunen legg til grunn at det er søkt om dispensasjon for byggegrense mot sjø jf. plan- og bygningslova § 1-8. Ved søknad om dispensasjon må denne grunngjevast i tråd med krava i plan- og bygningslova § 19-1. I og med at det er søknad om dispensasjon frå avstand til sjø, er det naudsynt med teikningar som syner tiltaket. Sjå vedlegg for meir informasjon om grunngjevnad som er naudsynt for søknad om dispensasjon.
6. Tiltaket må nabovarslas i tråd med plan- og bygningslova § 21-3. Det er naudsynt å legge med kvittering for nabovarsel og opplysningar som kjem fram i nabovarselet med innsending av søknad.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan **09.04.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon

**Mottakarar:**  
Geir Mehl

Oterdalen 32

5914 ISDALSTØ